



Arkivnr: 2014/20190-8

Saksbehandlar: Anne Vedvik

### Saksframlegg

#### Saksgang

| Utval              | Saknr. | Møtedato   |
|--------------------|--------|------------|
| Samferdselsutvalet |        | 19.03.2014 |

#### Innføring av drosjereglement for Stord kommune

##### Samandrag

Ved brev av 26.08.2014 sende Hordaland fylkeskommune utkast til drosjereglement for Stord kommune på høyring. Reglementet opnar for meir konkurranse mellom sentralane og gjev løyvehavar fri tilslutningsrett til den sentralen han/ho ynskjer ved utlysing av ledige løyve. Løyvehavar får rett til overgang mellom drosjesentralane etter nærmere reglar. Leirvik Taxi går i høyringssvaret imot innføring av reglementet, medan Stord Taxi og Stord kommune er positive til forslaget. Norges Taxiforbund, avd. Hordaland har ikkje svart på høyringa. Fylkesrådmannen rår til at ein opnar for meir konkurranse mellom sentralane og innfører drosjereglement for Stord kommune.

##### Forslag til vedtak

Samferdselsutvalet tar saka til etterretning og godkjenner drosjereglement for Stord køyreområde slik det ligg føre i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 19.02.2015

### Bakgrunn

Ved brev av 26.08.2014 sende Hordaland fylkeskommune forslag om innføring av overgangsreglar mellom drosjesentralane i Stord kommune på høyring. Alle høyningspartar utanom Norges Taxiforbund avd. Hordaland har svart på høyringa.

Stord Taxi sluttar seg til det forslag til overgangsreglar som vart lagt fram. Leirvik Taxi ynskjer ikkje innfør overgangsreglar mellom sentralane, men ynskjer at dagens situasjon vert vidareført. Stord kommune har ikkje innvendingar til overgangsreglane, og viser til at Stord Næringsråd ser høyningsforslaget som ei god og praktisk løysing.

### Fylkesrådmannen si vurdering

Totalt er det 20 ordinære drosjeløyve og 2 reserveløyve i Stord kommune. Det kan maks vera 20 ulike løyvehavarar i kommunen. Det er 2 sentralar og løyva har fast sentraltilknyting. Løyva er fordelt med 12 ordinære og 2 reserveløyve i Stord Taxi og 8 ordinære drosjeløyve i Fitjar Taxi. Med dagens situasjon er det ingen løyvemobilitet. Løyvehavar som ynskjer å byta sentral, kan ikkje gjera det med det løyve han/ho har, men må venta til det vert kunngjort ledig løyve i den andre sentralen. Løyvehavar må altså byta løyve for å kunne byta sentral. Dette er ei lite dynamisk ordning, som ikkje stimulerer til konkurranse om løyvehavarar sentralane imellom.

Høyringssvara viser at den største sentralen ynskjer meir konkurranse, ikkje berre om køyreoppdrag, men òg om løyvehavarar. Stord Næringsråd og Stord kommune verkar å dela dette synet, medan Leirvik Taxi går imot.

Konkurransetilsynet har i brev til Hordaland fylkeskommune 20.09.2007 uttalt seg generelt om konkurranse i drosjemarknaden. Mellom anna uttalte tilsynet at:

*«Høyere grad av løyvemobilitet vil kunne bidra til økt konkurranse i drosjemarkedet. Den enkelte løyvehaver bør av denne grunn som hovedregel selv kunne velge hvilken sentral vedkommende ønsker å være tilknyttet».*

Tilsynet meiner at for nye sentralar vil eit krav om eit minimumstal på løyve vera etableringshindrande. Ei øvre grense for kor mange løyve ein sentral kan ha av løyvetotalen kan derimot vera eit verkemiddel for hindra at ein sentral vert for dominante i marknaden.

Fylkesrådmannen rår til at det vert opna for løyvemobilitet mellom sentralane. Ledige løyve bør kunngjerast utan særskilt sentraltilknyting slik at løyvehavarar som ynskjer å driva drosjeverksem i Stord kommune sjølv kan velja kva sentral han/ho vil knyta seg til.

Det er berre to sentralar i Stord kommune. Dette gjev løyvehavarane berre eitt val dersom dei ynskjer å byta sentral. Dette i seg sjølv avgrensar løyvemobiliteten og innføring av maksimaltal på løyve vil avgrensa løyvemobiliteten ytterlegare. For å gje løyvehavarane reell moglegheit til å byta sentral rår fylkesrådmannen derfor til at det ikkje vert sett maks- eller minimumsgrense på løyve i ein sentral.